

SSIKT – Plassering av driftsavdelinga

Styret i SSIKT si handsaming av kvar driftsavdelinga skal plasserast, har dei siste vekene skapt bylgjer på Søre Sunnmøre. Styret er, med eitt unntak, samansett av rådmennene i dei kommunane som SSIKT femner. Desse rådmennene har fyrst - i styret - opna for innhenting av tilbodskonkurranse for plassering av selskapet dei styrer. Deretter har dei - som rådmenn i dei ulike kommunane - laga tilbod til SSIKT sitt styre. Og til slutt har dei – atter ein gong som styre – gjort vedtak i saka om kven sitt tilbod som skulle vinne.

Sjølv ein lesar med minimalt med kunnskap om sjølve saka, ser det uheldige i at dei same aktørane har hand om alle steg i prosessen, berre med ulike hattar.

Då kommunane i 2017 reviderte vedtektene for SSIKT, peika Folkelista for Hareid kommune på dei uheldige konsekvensane som nettopp ei slik styresamansetjing opnar for. I Hareid var vi åleine om å gå i mot at rådmennene, eller den rådmennene peikar ut, skulle sitje i styret. No har vi fått demonstrert at den skepsisen ikkje var grunnlaus.

I tillegg kan det sjå ut som om både den administrative og politiske leiinga i nabokommunen vår har trakka noko feil både i sjølve saka, og i forsvar for lokaliseringsvedtaket som vart gjort. I skrivande stund ser det til og med ut som om tilbodet som vann, er gjeve på feil premisser. Det kan verte delikat med tanke på at det berre er hattane som har vore ombytte gjennom prosessen.

Skal styret og styrearbeidet i SSIKT vinne tilbake tilliten frå det politiske miljøet og ålmenta, bør ein snarast gjere endringar i vedtekter og styresamansetjing. Vi synest signala som er komne fram i ettertid av den famøse handsaminga, er veldig positive. Rådmannen i Volda meiner no ein må vurdere styresamansetjinga. Vi kan også lese i avisa at rådmennene i Ulstein, Herøy og Vanylven trekkjer seg frå styret. Dermed kan ein kanskje oppnå ei fornuftig styresamansetjing raskare enn ein anar.

Styret skal handsame saka på nytt fordi minst to styremedlemer krev det. Bakgrunnen er at tilbodet som vann, opplyste feil tidspunkt for kva tid lokala var innflyttingsklare. Akkurat den detaljen var avgjerande for at det vann fram. Vi ynskjer styret lukke til med ny handsaming og nytt vedtak som ein venteleg kan setje sin lit til.

Folkelista for Hareid kommune,

Bernt Brandal